

# Sterk andreplass til Solveig og Sienna i Sandnes

Solveig og Sienna var med i tetstriden gjennom heile turneringa.

I helga som var gjekk årets junior-NM i bridge av stabelen i Sandnes med Sandnes juniorbridgeklubb som arrangør. Det blei konkurrert i to klassar: NM junior med 22 deltakande par og NM juniorrekrutt med 19 par til start.

Os juniorbridgeklubb hadde eigentleg planlagt danmarkstur denne helga, med landskamp mot danske juniorspelarar, men grunna ein større brann førre helg i lokala der turneringa skulle spelast, måtte turen utsetjast til våren. Heldig for oss då at det fanst eit godt alternativ vi kunne hengja oss på.

Fem par frå klubben deltok i turneringa som gjekk over 30 spel. Sienna Vedå Vangdal og Solveig Dræge gjekk fort til tet og kniva i tetstriden med tre-fire andre par gjennom heile turneringa. Til slutt blei det ein flott andreplass på paret, berre slått av Tor Gunnar Mathisen og Brage Hansen Mo frå Helgeland juniorbridgeklubb. Tredjeplassen gjekk til Emil Olsen og Ida Kristine Mathisen frå Trondheim ungdomsbridgeklubb/Helgeland juniorbridgeklubb.

I NM junior hadde Os òg to deltakarar med. Best gjekk det for Thea Hove Hauge, som saman med Thea Indrebø kom på åttandeplass i eit sterkt felt. Carl-Otto Curran spelte saman med Joakim Sæther og blei nummer 12.

Resultatlistar frå turneringene i Sandnes i helga er å finna på juniorbridge.no som for tida er gjennom ei "totalrenovering". I tillegg til aktuelt stoff og resultat frå turneringar, blir det her mogleg å spela og trenar bridge direkte frå sida. Link til alle landets juniorklubbar, deriblant Os, ligg òg lett synleg.



**TETEN:** Solveig og Sienna i aksjon i lokaloppgjær mot Torbjørn og Herman (berre hendene synleg).

Os juniorbridgeklubb er open for alle i alderen 8-25 år. Vi har faste klubbkvelder på hovudbiblioteket annakvar fredag. Har du lyst å vera med, er det bare å ta kontakt med underteikna.

Takk til Sandnes juniorbridgeklubb for eit flott arrangement. Vi møtest snart igjen til nye tevlingar rundt bordet.

**Tarjei Vangdal**  
Leiar  
Os juniorbridgeklubb



**GJENGEN:** 10 spelarar frå Os juniorbridgeklubb deltok i årets rekrutt-NM i Sandnes. Her er heile gjengen i målet i Sandnes sentrum.

## Fotograferte nordlyset laurdag kveld: – Kjende at pulsen steig

Så tidleg som klokka 20 laurdag kveld var nordlyset synleg over Bjørnafjorden.

► **Anne Marie Aarøen Vangsnes**  
anne-marie@osofusa.no

Iman de Zwarte bur på Raudvoll i Strandvik. Han var ikkje sein å be då ein av ungane laurdag kveld ringde og bad han koma seg ut og sjå på himmelen.

— Sjølv sagt gjekk vi ut. Det er jo eit interessant og spesielt fenomen, fortel Iman som tok med seg mobilen.

Vel ute såg han berre svake hint til grønne parti på himmelen.

— Kan henda eg knapt hadde reagert om eg var den fyrste som oppdaga det.

Heller ikkje dei fyrste bileta han tok vart noko særleg anna enn svarte, men



så nytta han innstillinga «nattmodus». Denne har ei lukkartid på tre-fire sekund.

— Då eg såg resultatet, kjende eg at pulsen steig.

For sjølv om dei nye bileta ikkje er heilt skarpe (utan stativ er det ikkje enkelt å halde kameraet såpass lenge i ro), openberra det seg eit fantastisk grønt lys på kveldshimmelen.

— Altså er det ein ser på biletet fleire gonger flottare enn det eg såg med augo mine.

På bileta som Iman tok ein halvtime seinare, kan ein sjå skyer og regn på veg innover Strandvik. Dermed var det slutt for nordlyset for denne gongen.

**NORDLYS:** Rundballar bada i nordlys på Raudvoll i Strandvik. Foto: Iman de Zwarte